Kunnskapsdepartementet

Prop. 57 L (2022–2023)
Proposisjon til Stortinget (forslag til lovvedtak)
Lov om grunnskoleopplæringa og den vidaregåande opplæringa (opplæringslova)

Departementet sine merknadar til *§ 12-3 Nulltoleranse og førebyggjande arbeid,* sitat frå side 611.

(…)

«Krenkjande oppførsel kan omfatte direkte handlingar og verbale uttrykk retta mot elevar, men også meir indirekte krenkjande handlingar som utestenging, isolering og baksnakking. Både fysisk og digital oppførsel blir omfatta av regelen. Det skal ikkje vere ein høg terskel for kva som blir rekna som krenkjande oppførsel overfor elevar. Barn og unge er meir sårbare enn vaksne, og når dei er på skolen, er dei i ein situasjon som dei er pålagde å vere i, eller som er nødvendig for at dei skal kunne få den opplæringa dei har rett til.

Det er likevel ikkje slik at alle kritiske ytringar eller usemjer mellom elevane er meint å omfattast. Det er ein del av samfunnsmandatet til skolen å lære elevar å tenkje kritisk og kunne akseptere og respektere ulike meiningar og overtydingar. Elevar kan oppleva usemje med lærarar eller andre elevar utan at dette automatisk blir rekna som krenkjande oppførsel. Dette betyr at eit kontroversielt standpunkt ikkje utan vidare skal reknast som ei krenking, sjølv om utsegna kan oppfattast fornærmande eller provoserande for enkelte elevar. Klasseromma skal vere trygge stader for å lufte og diskutere kontroversielle synspunkt, men også å ombestemme seg og endre meining. Elevane skal tole usemje, både frå andre elevar og frå dei som arbeider på skolen. Lærarar har stor fridom til å omtale kontroversielle, vanskelege og kompliserte synspunkt, utan at dette vil reknast som ei krenking. Fagleg usemje mellom ein lærar og ein elev eller usemje om korleis ein lærar har vurdert ein elevprestasjon, vil heller ikkje reknast som ei krenking. Vidare kan ein elev oppleve irettesetjing av ein lærar utan at dette blir rekna som ei krenking.

Krenkingsomgrepet er objektivt på den måten at kva som er krenkjande oppførsel, kjem an på ei konkret heilskapleg vurdering, ikkje berre opplevinga til den enkelte eleven. Handlinga eller ytringa må tolkast i lys av kontekst og intensjonen avsendaren har.

(…)

Kommentar:
Innhaldet i ein proposisjon frå regjeringa til Stortinget vert rekna som ein del av forarbeida til ei ny lov. Slikt forarbeid forklarar konteksten for ei ny lov, og fortolkar korleis lovteksten er å forstå og korleis den kan bli praktisert.

Einar Ove Standal